



Fremje nynorsk? Språkpolitikk i kommunar med nynorskskular

Av Jorunn Simonsen Thingnes og Fredrik Hope

Denne artikkelen presenterer ein innhaldsanalyse av 39 språkpolitiske dokument frå nynorskkommunar og språknøytrale kommunar. Føremålet er å analysere kva dokumenta tek sikte på å regulere, kva som kjenneteiknar kommunal språkpolitikk, og om den kommunale språkpolitikken kan bidra til å realisere språklova (2021). At språklova gav kommunane som offentlege organ eit «særleg ansvar for å fremje nynorsk» (§1), er eit viktig bakteppe. Vi nyttar ulike typar språkplanlegging som teoretisk og metodisk ramme.

Analysen syner at språkprofilar og språkbruksplanar er dei to hovudtypane språkpolitiske dokument i kommunane, og ved å skildre desse dokumenttypane syner vi kva som kjenneteiknar kommunale språkpolitiske dokument. Funna i artikkelen viser at mange dokument, og særleg språkprofilar, ikkje realiserer føremålet med språklova. Eit viktig funn er at det er dokumenta som er nyare enn språklova, som i størst grad driv prestisjeplanlegging. Dette kan vitne om at lova har bidrege til at fleire kommunar fremjar nynorsk.

1 Introduksjon¹

Kommunane er truleg den delen av det offentlege Noreg som vanlege borgarar har mest kontakt med gjennom eit liv. Kommunen lærer borna å lese og skrive, skal kommunisere klart og forståeleg til vaksne innbyggjarar og bedrifter og har ansvar for mange av primærhelsetenestene som fylgjer innbyggjarane gjennom livet. Kommunen kommuniserer med

1. Vi vil takke gode kollegaar ved Nynorsk kultursentrum og Høgskulen på Vestlandet for nyttige innspel i arbeidet med denne artikkelen. Vi er også takksame for konstruktive innspel frå to anonyme fagfellar.

innbyggjarane, og språkpolitikken kommunen fører har konsekvensar for desse innbyggjarane. Sidan kommunane er store tekstprodusentar og viktige språkpolitiske aktørar, har politikken ogso innverknad på språksamfunnet som heilskap og på statusen til og utbreiinga av enkeltspråk.

Kommunal språkpolitikk som gjeld nynorsk og bokmål, er lite regulert i Noreg samanlikna med den statlege språkpolitikken.² I lov om språk (språklova) er det sju til dels detaljerte paragrafar som regulerer korleis statsorgan (og i noko grad fylkeskommunar) skal veksle mellom nynorsk og bokmål (§§12 til 18). Til samanlikning har kommunane i praksis ingen plikter regulerte av lova (Kulturdepartementet 2020: 93). Staten stiller ikkje detaljerte språkkrav til kommunane, tvert om har kommunane rettar i møte med han. Kommunane, og fylkeskommunane, kan vedta om staten skal kommunisere berre på nynorsk eller berre på bokmål med dei, eller at dei vil vere språkleg nøytrale (§11). Samstundes er kommunane forplikta av dei *overordna* føremåla med språklova: Som offentlege organ har dei mellom anna eit ansvar for «å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk» og eit «særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket» (§1).

Føremålet med denne artikkelen er todelt. Vi analyserer kva språkpolitiske dokument i nynorsk-kommunar og språk-nøytrale kommunar med grunnskular med nynorsk som opplæringspråk tek sikte på å regulere, og kva som kjenneteiknar desse dokumenta. Mellom dokumenta vi har sett på, er det to hovudtypar: språkbruksplanar og språkprofilar. Med utgangspunkt i analysen gjer vi til slutt greie for kva som skil desse to dokumenttypane frå kvarandre, og vi føreslår definisjonar. Det andre føremålet er å undersøkje om den kommunale språkpolitikken kan bidra til å realisere språklova sitt føremål om å fremje nynorsk. For å undersøkje dette analyserer vi om dei språkpolitiske dokumenta inneheld prestisjeplanlegging (Haarmann 1984) for nynorsk, altso politikk som har som mål å promotere språket (sjå 3 Teoretisk rammeverk).

Avgrensinga til kommunar med skular med nynorsk som opplæringspråk kjem av at vi ynskjer å undersøkje fremjing av nynorsk. Sjølv om alle offentlege organ har ansvar for dette, er det i område med utstrekt nynorskbruk at offentlege organ tek eit reelt ansvar for nynorsk (sjå t.d. Mørenytt 2017). Norsk språkpolitikk har regulert nynorsk og bokmål i

2. Eit atterhald er at ein sentral del av språkpolitikken til kommunane, opplæringspolitikken, er regulert i §3-1, §15-2, §15-3 og §15-4 i opplæringslova.

lang tid, og vi er særleg interesserte i kva den kommunale språkpolitikken seier om statusen til og bruken av nynorsk i kommunal forvaltning og opplæring. Behovet for å regulere språkbruk kan vere større i kommunar med institusjonalisert nynorskbruk, mellom anna fordi desse kommunane ofte har tilsette som ikkje nødvendigvis meistarar nynorsk, men som må nytte språket i arbeidet sitt. At behovet for språkpolitikk i bokmålskommunane kan skilje seg frå behova i nynorsk kommunane, ser vi ogso ved at færre slike kommunar har språkbruksplanar.³ Gjennom kartlegginga vil vi få fram ny kunnskap som vi vonar kan nyttast av fagfellar som interesserer seg for språkpolitikk og -forvaltning, og av kommunar i arbeidet deira med lokal språkpolitikk.

1.1 Kommunal språkpolitikk

Når vi tek føre oss kommunal språkpolitikk, er (kommunalt) administrasjonsspråk og statleg tenestespråk sentrale omgrep. *Administrasjonsspråket* er det skriftspråket kommunen har vedteke å bruke i eigen administrasjon, og dette er ikkje regulert i lov eller forskrift (Grepstad 2019). *Statleg skriftspråk* er språket ein kommune eller ein fylkeskommune har vedteke at staten skal bruke i kontakt med dei og i området deira. Vedtaket vert gjort i tråd med paragraf 11 i språklova om kommunale og fylkeskommunale språkvedtak, og dette vart tidlegare kalla tenestespråk. Det er ofte, men ikkje alltid, samanfall mellom administrasjonsspråket og det statlege skriftspråket til ein kommune. For å unngå forvekslingar mellom kommunal og statleg språkbruk føreslår Grepstad (2020 a: 271) omgrepa *kommunalt administrasjonsspråk* og *statleg skriftspråk* (for tenestespråk). Vi held oss til Grepstad (2020 a) sine omgrep.

Kor mange kommunar som har kravd nynorsk frå staten, har variert mykje gjennom dei siste hundre åra. Talet var høgst i 1950, med krav om nynorsk frå 39 prosent av kommunane (Grepstad 2020 a: 272). Etter kommunesamanslåingane på 1960- og 2010-talet har prosenttala vore nokolunde slik dei var i 2020: 25 prosent av norske kommunar har nynorsk som statleg skriftspråk, 42 prosent har bokmål, og 33 prosent er nøytrale (Grepstad 2020 b, tabell 11.1.1).

Attåt vedtak om kommunalt administrasjonsspråk og statleg skrift-

3. Hope (2022) finn i sin gjennomgang av kommunale språkpolitiske dokument at ingen bokmålskommunar har språkbruksplanar, men at fleire bokmålskommunar og språknøytrale kommunar utan nynorsk skular har språkprofilar (Hope 2022: xi–xii).

språk har diskusjonane i kommunane ofte handla om korleis vedtak om kommunalt administrasjonsspråk skal konkretiserast og gjennomførast. Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) vart skipa i 1993 for å styrkje språkpolitikken i stat og kommunar (Grepstad 2020 c). Å få medlemskommunane og andre til å vedta språkbruksplanar har sidan då vore ei sak dei og andre i målrørsla har arbeidd for.⁴ LNK har mellom anna bidrege med å tilby malar til slike planar, mellom anna i samband med kommunesamanslåingane på slutten av 2010-talet (LNK 2025). Som vi vil syne i denne artikkelen, har arbeidet sett sitt preg på den kommunale språkpolitikken.

Kommunale språkpolitiske dokument er i liten grad etterspurde og integrerte i overordna planar og krav frå statlege styresmakter. Dette vert tydeleg om vi ser på korleis slike dokument heng saman med resten av det kommunale planverket. Alle kommunar skal ha ein kommunal planstrategi etter plan- og bygningslova. Planstrategien skal regulere kva planar kommunen skal ha, og skal reviderast minst kvart fjerde år (plan- og bygningslova 2008, § 11-1). I prinsippet er det i planstrategien ein kommune vedtek om han eventuelt skal ha eit språkpolitisk dokument, men kommunestyret kan òg kome med framlegg om dette ved andre høve. Det er ikkje noko krav om språkpolitiske dokument korkje i plan- og bygningslova, dei nasjonale forventingane til regional og kommunal planlegging (Kommunal- og distriktsdepartementet 2023) eller i omtala av nynorsk i kommuneproposisjonen for 2025 (Kommunal- og distriktsdepartementet 2024: 111).

I nyare tid har fleire engasjert seg for å få på plass statlege føringar som sikrar at nynorsk vert brukt i kommunar der språket har ei viss utbreiing. I samband med høyringsrunden om språklova kom det framlegg til at kommunane skulle ha krav på seg til å vedta språkpolitiske dokument (sjå til dømes høyringssvara til Noregs Mållag, Nynorsk kultursentrum og Utdanningsforbundet, Kulturdepartementet 2019). Framlegga gjekk ikkje gjennom. Dei språkpolitiske dokumenta i materialet vårt har ulike titlar. Vanlegast er det at kommunane omtalar dokumenta som *språkbruksplan* (inkludert varianten *målbruksplan*) og *språkprofil* (sjå vedlegg 1). I artikkelen nyttar vi titlane kommunane sjølve

4. Historikken bak framveksten av språkpolitiske dokument i kommunane er eit tema som fortener meir merksemd, men det går ut over rammene for denne artikkelen.

har gjeve dei aktuelle dokumenta, før vi, basert på analysane våre, skildrar kva som skil desse dokumenttypane frå kvarandre.

2 Tidlegare forskning og dokumentasjon

Kommunal språkpolitikk ligg i det dulde og gløymde ogso ved at han er lite dokumentert og forska på. Dette står i ein kontrast til korleis språkbruken til staten i stor grad vert dokumentert og i noko større grad vert forska på (sjå til dømes Grønvik 1987; Bjørhusdal 2014). Mykje av språkbruken til statsorgan vert dokumentert ved at desse pliktar å rapportere til Språkrådet om korleis dei oppfyller språklova (§ 20). Noko liknande krav finst ikkje for kommunane. Det finst heller ikkje noko sentralt oversyn over utbreiinga av kommunale språkpolitiske dokument. LNK gjennomførte i perioden 29. august 2022 til 18. januar 2023 ei spørjeundersøking til 114 nynorskkommunar og språknøytrale kommunar, i samarbeid med Nynorsk kultursentrum. Eit av spørsmåla var om kommunane hadde eit språkpolitisk dokument. Av dei 76 kommunane som svara på undersøkinga, sa 37 prosent at dei hadde eit språkpolitisk dokument.

Språkpolitiske dokument frå universitets- og høgskulesektoren er derimot materiale i mange studiar, og i den teoretiske utgreiinga i neste kapittel vil vi referere til nokre av desse (Hult 2005; Thingnes 2020 a; 2020 b). Av forskning på kommunal språkpolitikk er det verdt å nemne Hope (2022), som presenterer ein analyse av 129 fylkeskommunale og kommunale kultur-, bibliotek- og språkplanar. Av dette var 20 språkbruksplanar og 28 språkprofilar. Seks av språkbruksplanane tematiserer nynorsk og folkebibliotek, medan ingen av språkprofilane gjer dette (Hope 2022: 41–42). Hope (2022) gjennomførte ogso ei spørjeundersøking til folkebiblioteka om språkpolitikk og språkpraksis, og eit av funna der var at biblioteka som svara at dei hadde eit språkpolitisk dokument⁵, var signifikant meir positive til å prioritere nynorsk i folkebiblioteka enn dei som svara at dei ikkje har ein slik plan (Hope 2022: 85). Hope tolkar dei signifikante skilnadane til at «ein lokalt vedteken språk-

5. Hope (2022) nytta omgrepa «språkbruksplan, målbruksplan eller tilsvarende politisk dokument som styrer språkbruken i kommuneadministrasjonen» i spørsmålsstillinga.

politikk kan føra til ei meir positiv haldning og dermed fleire nynorsk-positive handlingar» (Hope 2022: 115).

Det finst ogso relevante språkpolitiske granskingar frå barnehagen. I Bjørhusdal og Budal (2017) vert årsplanar for barnehagar i nynorske skulekrinsar analyserte med mål om å kartlegge korleis nynorsk språkstimulering vert tematisert. Forfattarane refererer til nasjonale styringsdokument for barnehagen og viser at «[b]arnehagen er eit uregulert, språkrettsleg tomrom» (Bjørhusdal og Budal 2017: 64). To av årsplanane i utvalet deira tematiserer ikkje nynorsk direkte, men viser til kommunale språkplanar som gjer det (Bjørhusdal og Budal 2017: 57). Bjørhusdal, Juuhl og Thingnes (2024) har gjennomført ei etnografisk gransking i to barnehagar i ein nynorskkommune. Den aktuelle kommunen har eit språkpolitisk dokument som slår fast at alle kommunale tilsette skal nytte nynorsk, men observasjonane til Bjørhusdal, Juuhl og Thingnes (2024) syner at den språklege praksisen til dei tilsette i barnehagen varierer og ikkje nødvendigvis er i tråd med den lokale språkpolitikken.

Det finst få granskingar av språkleg praksis i kommunane, men studien til Flaten og Vollen (2021) er eit unntak. Artikkelen undersøker språkbruken på nettsidene til 277 nynorskkommunar og språknøytrale kommunar, mellom anna med mål om å diskutere kva som ligg i omgrepet «språklig nøytral kommune». Nøytralitetsomgrepet i norsk språkpolitikk er elles grundig analysert og drøfta av Bjørhusdal (2014; 2015; 2016).

3 Teoretisk rammeverk: språkplanlegging og språkpolitikk

Denne artikkelen plasserer seg i fagfeltet *språkplanleggingsvitskap* (sjå Thingnes 2020 a; Vikør 2007). Her er omgrepa *språkplanlegging* og *språkpolitikk* brukte. Ifylgje Vikør (2007: 101) er språkpolitikk «i første rekke [...] politiske tiltak for å påverke språktilhøva i samfunnet, det sosiale forholdet mellom forskjellige språk og språkvarietetar», medan språkplanlegging «omfattar dei faglege tiltaka for å påverke sjølve bruken og utviklinga av ein bestemt språknormal.» Vi stør oss på Johnson (2013: 9) sin definisjon av språkpolitikk (*language policy*):

A language policy is a policy mechanism that impacts the structure, function, use, or acquisition of language and includes a) Official regulations [...] b)

Unofficial, covert, de facto, and implicit mechanisms [...] c) Not just products but processes [...] d) Text and discourses across multiple context and layers [...] (Johnson 2013: 9)

Definisjonen dekkjer meir enn det materialet i granskinga vår tillét oss å studere. Vi granskar offisielle produkt i form av tekst, som vil seie *de jure* språkpolitikk (Johnson 2013), ogso kalla eksplisitt eller open språkpolitikk. Dette er politikk som er offisielt slegen fast og dokumentert, i motsetnad til *de facto*, som viser til praksis og (ofte) implisitt språkpolitikk (Johnson 2013: 10).

For å sjå den kommunale språkpolitikken både som del av den statlege språkpolitikken og som noko eige, referer vi til Liddicoat og Baldaufs (2008) «language planning in local contexts». Slik politikk uttrykkjer lokale behov og presenterer løysingar på lokale utfordringar, til dømes i administrasjon og utdanning. Lokal språkpolitikk handlar om å tolke og appropriere nasjonal språkpolitikk i møte med desse lokale behova (Liddicoat og Baldauf 2008). Som vi vil syne, er nokre delar av den kommunale språkpolitikken direkte resultat av nasjonale føringar, medan andre delar syner nettopp lokale behov og ynske. For å kartleggje kva dei kommunale dokumenta tek sikte på å regulere, og å undersøkje om politikken bidreg til å realisere målet om å fremje nynorsk, nyttar vi Kloss (1969), Cooper (1989) og Haarmann (1984) sine ulike typar språkplanlegging som teoretisk og metodisk ramme. Ifylgje Kloss (1969) er *korpusplanlegging* retta mot strukturen og forma til språk, medan *statusplanlegging* er retta mot bruken av og funksjonane til språk. Seinare vart modellen utvida til å romme *prestisjeplanlegging*, som rettar seg mot tiltak for å gje eit språk auka prestisje gjennom å promotere og intellektualisere det (Haarmann 1984; 1986; 1990) og *tileigningsplanlegging*, som viser til planlegging av aktivitetar som har som mål å auke bruken av eller talet på brukarar av eit språk, ofte gjennom undervisning (Cooper 1989).

Fordi vi argumenterer for at språkpolitiske dokument som inneheld prestisjeplanlegging for nynorsk, kan bidra til å fremje nynorsk, vil vi presentere og drøfte denne typen språkplanlegging i noko meir detalj. Prestisjeplanlegging dreier seg, ifylgje Haarmann (1984; 1990), om tiltak som skal fremje positive haldingar til eit språk, og ifylgje Swan, Deumert, Lillis & Mesthrie (2004: 250) er målet med prestisjeplanlegging å «improve the speech community's attitudes towards low-prestige varieties so that speakers are willing to use them in, for example, 'high-culture'»

domains [...] or the educational system». Som vi vil syne, arbeider fleire av kommunane som inngår i studien for at elevar i den aktuelle kommunen skal ynskje å nytte nynorsk framom bokmål, som av nokre vert oppfatta som meir prestisjefylt (sjå t.d. Sandøy 2009, Mæhlum 2020). Ager (2005: 35) skriv at «prestige only accrues against a background of that which is not prestigious». Ein god illustrasjon av dette er bruk av afrikanske språk i utdanningssystemet. Det er europeiske språk som har hatt og har prestisje i utdanningskontekstar i mange afrikanske land, og Kamwangamalu (2016) hevdar at prestisjeplanlegging er nykelen om afrikanske språk skal fremjast som undervisningsspråk. Prestisjeplanlegging er ogso trekt fram som viktig i den nordiske konteksten. Hult (2005), som granskar utviklinga av ein nasjonal språkpolitikk for Sverige, argumenter for at både status- og prestisjeplanlegging vert stadig viktigare i møte med utstrekt engelskbruk. Thingnes (2020 a; 2020 b) syner at nynorsk er sett opp mot både engelsk og bokmål, og at det er i møte med bokmål at nynorsk, «som den minst bruka av dei to» (språklova 2021), må fremjast. Prestisje er nært knytt til status, og dei to reflekterer kvarandre. Statusen til eit språk er sett i forhold til andre språk på eit gjeve område, og oppfatninga av språket avheng mellom anna av prestisje (Ager 2005; Hult 2005: 75; Thingnes 2020 a). Ager (2005: 35) hevdar at «prestige requires that the language which is the target of the planning be regarded as somehow more attractive than, better than, the language(s) with which it is compared». Prestisjen til eit språk er knytt til kor attraktivt språket er, og til skilnad frå status har det ein affektiv haldningskomponent. Det handlar om korleis ein opplever eit språk, og kva ein assosierer språket med (Ager 2005: 33). Ager hevdar at prestisjeplanlegging for minoriserte språk, som vi reknar nynorsk som, mellom anna skal «confer prestige on the formerly inferior language in order to improve its image and give speakers pride in its use» (Ager 2005: 37). Ifylgje Harman er prestisje ein nykel for all språkplanlegging: «in planning processes prestige is a force in its own right» (1990: 105). Det same finn vi hjå Swan, Deumert, Lillis & Mesthrie (2004: 250) som skriv at prestisjeplanlegging skal skape positive haldningar som grunnlag for korpus- og statusplanlegging.

At vi konsentrerer oss om regulering og fremjing av nynorsk, og at reguleringane er kommunale, har implikasjonar for korleis vi nyttar prestisjeplanleggingsomgrepet. Som nemnt ovanfor kan prestisjeplanlegging både gjelde planlegging for promotering og intellektualisering, men sidan

intellektualisering er mindre aktuelt for kommunal politikk for nynorsk, nyttar vi det primært som planlegging for promotering. For å tydeleggjere refererer vi kort til ein studie av andre mindre brukte språk i ein annan sektor: Thingnes (2019) finn at det å utvikle samiske språk slik at dei kan nyttast i høgare utdanning og forskning, vert oppfatta som svært viktig for prestisjen til og dimed bruken av desse språka. I motsetnad til samisk vart nynorsk tidleg teke i bruk i høgare utdanning, og språket kan seiast å vere intellektualisert. Det vert framleis arbeidd for å styrkje nynorsk fagspråk, men dette arbeidet ligg ikkje primært til kommunal sektor (sjå Thingnes 2020 a og 2020 b for prestisjeplanlegging for nynorsk i UH-sektoren). I materialet vårt finn vi ingen formuleringar om å *utvikle* nynorsk terminologi, men vi finn at kommunane er opptekne av å *kjenne til* og *nytte* den nynorske terminologien (sjå 5.1.1). Som vi vil syne i 5.1.4, finn vi ogso formuleringar som kan reknast som planlegging for promotering.

At vi argumenterer for at prestisjeplanlegging kan vere eit mål på om den kommunale språkpolitikken fremjar nynorsk, tyder ikkje at andre planleggingstypar ikkje bidreg til slik fremjing. Tileigningsplanlegging vil til dømes kunne vere med på å fremje språket kvantitativt gjennom å auke talet på brukarar av det.

4 Metode

4.1 Datamaterialet

Datamaterialet i denne studien er 39 språkpolitiske dokument frå 39 kommunar. Desse dokumenta er lista opp i vedlegg 1. Utvalet er basert på to kriterium: Dokumenta skal vere frå nynorskkommunar og språknøytrale kommunar med grunnskular med nynorsk som opplæringspråk, og dei skal vere det sist vedtekne språkpolitiske dokumentet i den aktuelle kommunen (per våren 2023). Det fyrste kriteriet gjer at vi leita etter dokument frå 117 kommunar: 89 kommunar med nynorsk som statleg skriftspråk i 2023⁶ og 28 språknøytrale kommunar med grunnskular med nynorsk som opplæringspråk⁷.

6. I tillegg til dei 87 kommunane som per april 2025 var registrerte med nynorsk som statleg skriftspråk i Språkvedtaksforskrifta, hadde Ålesund og Vestnes valt nynorsk på dette tidspunktet.

I jakta på dokument som oppfyller kriteria, har vi nytta oss av den førnemnde spørjegranskinga som LNK og Nynorsk kultursentrum gjennomførte i 2022–2023 (sjå 2 Tidlegare forskning og dokumentasjon). Fleire kommunar la språkpolitiske dokument ved svaret sitt på spørjegranskinga. I desember 2022 og januar 2023 gjekk vi gjennom nettsidene til alle dei 117 kommunane med mål om å finne fleire dokument enn dei vi fekk tilgang til via undersøkinga.⁸ Vi kontakta i nokre tilfelle kommunane for å få tilsendt dokumenta.

Nokre kommunar har fleire dokument. Sogndal og Ålesund har både ein språkprofil og språkbruksplan. Tilsvarende har sju kommunar på Søre Sunnmøre (Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta) ein felles språkprofil, og fire av desse (Hareid, Herøy, Volda og Ørsta) har i tillegg kvar sine språkbruksplanar. I slike tilfelle har vi granska begge dokumenta som gjeld for den aktuelle kommunen. At det både er 39 kommunar og 39 dokument, er altså tilfeldig. Dokumenta er vedtekne på ulike tidspunkt. Det eldste dokumentet er frå 1998, medan det nyaste er frå 2023. Storparten av dokumenta er vedtekne i perioden 2016–2020. Språklova vart vedteken i 2021, og ho har vore gjeldande sidan 1. januar 2022. Det betyr at dei fleste av dokumenta er laga før lova. Vi meiner at vi likevel kan granske om den kommunale språkpolitikken bidreg til å realisere språklova sitt mål om å fremje nynorsk, sidan den kommunale språkpolitikken, uavhengig av når han vart til, skal svare for det som i dag er gjeldande lovverk.

4.2 *Innhaldsanalyse*

I analysen av dei 39 dokumenta har vi lagt oss tett opp til innhaldsanalyse (Krippendorff 2004). Det vil seie at vi har nærlesne og koda materialet med mål om å få ei systematisk oversikt over meiningsinnhaldet. Studien har både kvantitative og kvalitative trekk. Krippendorff (2004: 16) argumenterer med at tekstanalysar alltid inneber tolking, ogso når det er snakk om å telje førekomstar i eit tekstmateriale. Vi har koda materialet

7. Aure, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Bergen, Askøy, Gjesdal, Hå, Karmøy, Sandnes, Sola, Stavanger, Strand, Tysvær, Evje og Hornnes, Kvinesdal, Lyngdal, Sirdal, Dovre, Etnedal, Lesja, Nord-Aurdal, Sel, Sør-Aurdal, Sør-Fron og Drangedal.
8. Inne på nettsidene søkte vi på desse søkeorda: Språk, målform, skriftspråk, nynorsk, målbruksplan, språkbruksplan, språkplan, språkprofil, klarspråk. Vi sjekka i hovudsak dei to fyrste sidene med søkeresultat.

systematisk og kan soleis vise til tal på kor ofte kodane opptrer i materialet. Samstundes er det tekstinnhaldet som er viktig i denne studien, og vi vel difor å vise til tekstutdrag og kommentere desse. Like fullt bidreg talmaterialet til å gje eit bilde av den kommunale språkpolitikken, og kombinasjonen av teljing og teksttolking bidreg med truverd til studien.

Dei 39 dokumenta utgjer analyseiningane. Fordi vi ville undersøkje kva dokumenta inneheldt, ikkje førekomstar av ulike typar meningsinnhald i den same teksten, var det ikkje naudsynt å dele tekstane inn i mindre analyseiningar. Gjennom nærlesinga har vi likevel fått eit inntrykk av kor hyppig og i kor stort omfang eit meningsinnhald er dekt. Fordi det finst lite forskingsbygd kunnskap om kommunale språkpolitiske dokument, og fordi vi ynskte å skildre innhaldet inngåande, hadde vi ei induktiv tilnærming og utvikla analysekategoriane ut frå dokumenta. Vi nærlas dokumenta for å utarbeide kategoriane, og vi enda opp med 54 empiridrivne kategoriar (sjå vedlegg 2). Deretter gjekk vi attende og koda dokumenta på nytt ut frå desse kategoriane.

I tillegg til dei 54 empiridrivne kategoriane hadde vi fire teoridrivne kategoriar. Det er viktig å merke seg at nokre utdrag frå dokumenta høver i bae kategoritypar og har vorte kategorisert deretter. Den deduktive tilnærminga til materialet botnar i den teoretiske og empiriske kunnskapen vår om dei ulike hovudtypane språkplanlegging: korpus-, status-, tileignings- og prestisjeplanlegging. Vi ynskte å undersøkje om dokumenta inneheldt desse ulike typane planlegging for nynorsk, og då særleg prestisjeplanlegging. Dei ulike typane planlegging er definerte i kapittel tre. Definisjonane er breie, og vi måtte i visse tilfelle drøfte om eit utdrag frå eit dokument skulle kodast som den aktuelle typen planlegging. Dette gjeld særleg for prestisjeplanlegging. Fordi vi meiner at kommunane sjølve må uttrykkje ein klar intensjon om å styrkje og/eller fremje nynorsk i dokumentet sitt, har vi til dømes valt å ikkje kode LNK-medlemskap som prestisjeplanlegging. LNK arbeider for «å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd» (LNK 2009), men medlemskap i ein organisasjon er ikkje det same som at kommunen sjølv har som mål å fremje nynorsk. Eksplisitte mål om å styrkje nynorsk er derimot koda som prestisjeplanlegging, som her frå Stavanger kommune: «Kommunestyret har vedtatt å styrka nynorsken både i kommuneadministrasjonen og i kommunen elles.» I 3 Teoretisk rammeverk synte vi at tileigningsplanlegging kan fremje nynorsk kvantitativt. Vi har i kodinga likevel halde oss til dei teoretiske definisjonane av dei ulike typane, slik at akti-

vitetar som har som mål å auke bruken / talet på brukarar av eit språk er koda som tileigningsplanlegging. For alle typane planlegging har vi berre koda planlegging for nynorsk, sidan vi primært er interesserte i reguleringa av nynorsk og spesifikt i fremjing av nynorsk. Det vil seie at vi ikkje har koda formuleringar om fremjing av den lokale dialekta som prestisjeplanlegging, sjølv om dette er prestisjeplanlegging for dialekt.

5 Resultat og funn

I dette kapittelet vil vi fyrst presentere kva typar planlegging vi finn i dei ulike dokumenta. Denne presentasjonen tek utgangspunkt i dei teori-drivne kategoriane, men sidan fleire utdrag frå dokumenta høver i både kategoritypar, er nokre av dei empiridrivne kategoriane ogso dekte her. I 5.2 tek vi utgangspunkt i dei resterande empiridrivne kategoriane når vi presenterer andre tema og politikkområde som kommunane tek sikte på å regulere. I 5.3 tek vi føre oss intertekstualitet og oppfylging av planane. Når vi presenterer resultatet av analysen, vil vi vise til døme frå datamaterialet. For å synleggjere kva dokument vi refererer til, nyttar vi namnet på den aktuelle kommunen. I dei få tilfella der det er fleire dokument frå ein kommune, viser vi ogso til om det er språkbruksplanen eller språkprofilen vi refererer til.

5.1 Ulike typar planlegging

I 37 av 39 dokument finn vi korpusplanlegging for nynorsk, 35 har statusplanlegging, 9 har prestisjeplanlegging og 26 har tileigningsplanlegging. Tabell 1, som ogso skil mellom dokumenttype, gjev eit oversyn i prosent og tal i parentes.

5.1.1 Korpusplanlegging

Kommunane som driv korpusplanlegging, vil gjennom dokumenta regulere strukturen og forma til språk. 19 av dokumenta slår fast ei husnorm, som i større eller mindre grad snevrar inn korleis dei tilsette skal skrive nynorsk. Vinje kommune skriv at «[d]er det finst valfrie former, bør me velje den forma som ligg nærast vinje-dialekten. I kommunen skal desse formene nyttast: Kløyvd infinitiv eller e-infinitiv, me, skule, fyrst, då, no, ynskje». 14 dokument nemner eigen bruk av nynorsk terminologi. Mange har liknande formuleringar som Gloppen: «Dei eins-

	Språkbruksplanar (22)		Språkprofilar (14)		Andre dokument (3)		Alle dokument (39)	
Korpusplanlegging	95 %	(21)	100 %	(13)	67 %	(2)	95 %	(37)
Statusplanlegging	100 %	(22)	71 %	(10)	100 %	(3)	90 %	(35)
Tileignings- planlegging	100 %	(22)	7 %	(1)	100 %	(3)	67 %	(26)
Prestisjeplanlegging	23 %	(5)	14 %	(2)	67 %	(2)	23 %	(9)

Tabell 1: Typar språkplanlegging i ulike språkpolitiske dokument.

kilde einingane skal gjere seg kjende med den nynorske terminologien på sine fagfelt.» 36 av dokumenta regulerer struktur og form ved å vise til at kommunen skal nytte eit klart språk. Nokre dokument har fyldige skildringar av klarspråk, medan andre har kortare formuleringar av typen «[k]ommunen ønskjer eit enkelt, klart og brukarvenleg språk» (Øygarden). Vi har rekna klarspråk som korpusplanlegging fordi reguleringar av korleis vi skriv, til dømes av aktiv- og passivbruk, endrar morfologien og syntaksen til språket.

5.1.2 Statusplanlegging

Statusplanlegging er retta mot bruken av og funksjonane til språk. Mange av dokumenta vi har granska, slår fast kva status nynorsk og/eller bokmål har i kommunen, og vidare kva dette tyder i praksis. 29 dokument viser til kva statleg skriftspråk kommunen har vedteke, og 35 viser til kommunalt administrasjonsspråk. Det er variasjon i korleis dei ulike dokumenta omtalar kommunalt administrasjonsspråk. Vi valde å kode ei rekkje formuleringar som «Kommunalt administrasjonsspråk». Nokre dokument refererer til «administrasjonsspråk/administrasjonsmål» (t.d. Ål og Hemsedal). Andre nyttar «styringsmål» eller «det offisielle styringsmålet» (t.d. Kvam, Voss, Hareid, Hjelmeland). Dokumentet frå Suldal nyttar innleiingsvis formuleringa «det offisielle styringsmålet», men refererer seinare til «administrasjonsspråket». Nokre dokument skil ikkje klart mellom statleg skriftspråk og kommunalt administrasjonsspråk, og nokre brukar andre omgrep. Vi har likevel valt å kode fylgjande formuleringar som «Kommunalt administrasjonsspråk»:

Askøy er en språknøytral kommune. Du velger derfor selv om du vil uttrykke deg på nynorsk eller bokmål. (Askøy)

Aurland kommune tok i bruk nynorsk i skulestyret 12. mars 1914 og i heradsstyret 10. februar 1922. (Aurland)

Bømlo kommune har nynorsk som målform. (Bømlo)

Her har vi teke omsyn til samanhengen for å avgjere kodinga. Setninga i dokumentet frå Aurland, til dømes, vert etterfølgt av setninga «[a]lle tilsette og alle kommunale organ pliktar å nytta nynorsk skriftspråk i tenesta». Vi meiner dette talar for at «tok i bruk nynorsk» bør lesast som at nynorsk er det kommunale administrasjonsspråket. Vi kjem seinare attende til kva den store variasjonen i omgrepsbruken kan tyde.

I statusplanlegginga er det ikkje forma til språket som vert regulert, men bruken av det. Setninga frå Aurland-dokumentet sitert over, er koda som «Dei tilsette skal bruke nynorsk». Til saman 22 dokument dekkjer denne kategorien. Det er eit stort fleirtal av dokumenta, som ogso reflekterer at det er flest nynorskkommunar i utvalet. Mange av dei resterande dokumenta, både frå nynorskkommunar og nøytrale kommunar, inneheld formuleringar som er koda som «Dei tilsette kan alltid velje skriftspråk sjølve» (4), «Dei tilsette er oppmoda om å bruke nynorsk» (5) eller «Dei tilsette kan velje mellom nynorsk og bokmål i nokre samanhengar» (8). Tala i parentes viser til kor mange dokument som opererer med den aktuelle kategorien.

Nokre språkpolitiske dokument spesifiserer kva dokument frå kommunen som skal vere skrivne på nynorsk. 21 spesifiserer at nokre dokument skal vere på nynorsk, og 11 spesifiserer at alle dokument skal vere på nynorsk. Berre éin kommune (Bergen) har eit mål om prosent nynorsk i dokument og anna. 17 dokument slår fast at administrasjonsspråket skal vere nemnt i stillingsutlysingar, og ni dokument spesifiserer at nynorskdugleik er eit tilsetjingskriterium. Reguleringar som desse er ei konkretisering av kva det vil seie å ha nynorsk som kommunalt administrasjonsspråk.

5.1.3 Tileigningsplanlegging

Tileigningsplanlegging viser til planlegging av aktivitetar som har som mål å auke bruken av, eller talet på brukarar av, eit språk. I dokumenta

ser vi slik planlegging innan to domene: det administrative og opplæringa. Seks dokument tek utelukkande føre seg det administrative domenet. Resten av dokumenta regulerer, på ulike vis og til ulik grad, språkbruk i barnehage og skule. To dokument nemner vaksenopplæringa (t.d. Stord: «Me skal bruka nynorsk som opplæringsspråk i barnehagen, grunnskulen og vaksenopplæringa.»), og fem nemner norskopplæring for innvandrarakar (t.d. Gloppen: «Norskopplæringa for innvandrarakar skal vere på nynorsk.»). Det er mogleg at vaksenopplæringa her inkluderer og/eller berre refererer til opplæring for innvandrarakar, men det er ikkje mogleg å seie sikkert. I dokumentet frå Ål er nynorsk «skulemål» i skulen, medan bokmål er «skulemål i vaksenopplæringa» og «opplæringsmålet for vaksne innvandrarakar».

Tileigningsplanlegginga for barnehage og skule som vi finn i dokumenta, er lite spesifikk. Som vi seinare skal kome inn på, nyttar fleire kommunar seg av dei same formuleringane eller av formuleringar som er svært like. Det gjeld mellom anna på opplæringsfeltet. Dette utdraget frå dokumentet for Suldal kommune finn vi variantar av i 19 dokument frå andre kommunar:

Mykje av grunnlaget for talemålet til borna blir lagt i barnehagane og skulane. Det er difor viktig at kommunen har språkmedvitne medarbeidarar på desse stadene. Særleg er åra i barnehagen og dei første skuleåra grunnleggjande. Nynorsk og dialekt må nyttast mest mogeleg i songar, opplesing, leikar og liknande.

Her er både talemål og nynorsk framheva, og både skule og barnehage er sett som viktige aktørar. Innhaldet er, sett vekk frå den siste setninga, likevel lite spesifikt, noko som gjeld mange av formuleringane i materialet. Det finst nokre unntak, som til dømes «Ål kommune har vedtak om nynorsk som hovudmålform i grunnskulen» (Ål) og «Alle skulestartarakar skal få informasjon om retten til nynorskklasse» (Bergen). Vi kjem seinare attende til nokre av dokumenta som skil seg ut.

I utdraget frå dokumentet frå Suldal finn vi formuleringa «språkmedvitne medarbeidarar». Åtte dokument nyttar denne formuleringa, alle om tilsette i opplæringa. Kva som ligg i ho, er noko uklart. Ho kan til dømes vise til nynorskkompetanse, som fire andre dokument omtalar direkte, slik til dømes dokumentet til Stord gjer: «Elevane skal få opplæring på nynorsk av lærarakar som har god kompetanse i nynorsk.» At mange planar

inneheld eit ynske om kompetanse, ser vi ogso gjennom kategorien «Nynorskurs», som vi finn i 25 dokument. Nokre slår fast at desse kursa skal vere obligatoriske (t.d. Ullensvang), men i dei fleste dokumenta er det ikkje spesifisert om kurs er tilbod eller påbod: «Kommunen skal gje tilsette kurs og rettleiing i nynorsk språkbruk og klarspråk jamleg» (Stord). Fleire planar viser til at det skal vere god tilgang på hjelpemiddel (28), og nokre spesifiserer at det skal vere ein intern språkrådgevar i kommunen (18). Formuleringane om kurs og hjelpemiddel verkar å gjelde administrasjonen, ikkje i opplæringa.

5.1.4 Prestisjeplanlegging

Prestisjeplanlegging skal, kort forklart, gje eit språk auka prestisje. I materialet vårt er det ni dokument som inneheld formuleringar som vi har koda som prestisjeplanlegging: Sogndal, Ulvik, Stavanger, Bergen, Stord, Ålesund (to dokument), Nissedal og Ullensvang. Nokre av planane uttrykkjer eksplisitt eit ynske om å styrkje eller fremje nynorsk:

Kommunestyret har vedtatt å styrka nynorsken både i kommuneadministrasjonen og i kommunen elles. Me oppfordrar deg derfor til å skriva nynorsk dersom du ønsker det. (Stavanger)

Vi skal fremje auka bruk av nynorsk både internt og i samfunnet. (Ålesund, språkprofil)

Her er kommunen sett som ein aktør som kan styrkje nynorsken både internt og eksternt. Dette finn vi ogso i språkbruksplanen for Sogndal kommune, som i detalj skildrar rolla kommunen kan ha som språkpolitisk aktør for nynorsk:

Bruken av nynorsk i kommunen er med på å påverka statusen til målforma, sidan det mykje brukte språket ofte har høgare status enn det som er mindre brukt. At Sogndal kommune er ein tydeleg og medviten nynorskbrukar, og at me oppmodar samarbeidspartnarar, lokalt næringsliv og andre til å nytta nynorsk, er viktig både lokalt, men ogso nasjonalt. Sogndal kommune kan, gjennom eigen praksis og samarbeid med andre kommunar og aktørar, vera med på å sikra plassen nynorsken har i det norske samfunnet. (Sogndal, språkbruksplan)

I dokumentet frå Nissedal er det ei formulering som kan reknast som

både prestisjeplanlegging og tileigningsplanlegging: «Elevar i Nissedal kommune føretrekkjer å skrive og lese nynorsk framfor bokmål» (Nissedal). Vi reknar dette som prestisjeplanlegging fordi eit språk som skal føretrekkjast, må ha ei viss grad av prestisje. Ifølgje Ager (2005: 35) må det aktuelle språket nettopp verte opplevd som meir attraktivt enn alternativet. Vidare er det eit mål om tileigning av nynorsk ved at dei som føretrekkjer nynorsken, ogso vil bruke han, og soleis kan bruken av nynorsk auke. At elevar skal føretrekkje nynorsk, er ogso uttrykt gjenom denne formuleringa: «Andelen av dei elevane som vel bokmål i 8. steget[,] skal gå ned» (Nissedal).

I alle desse døma er det å påverke andre til å nytte nynorsk sett som eit tiltak for å styrkje eller fremje språket. I dokumenta finn vi ogso formuleringar om å påverke andre, utan at det er uttrykt noko eksplisitt mål om å fremje og styrkje nynorsk:

Ål kommunestyre oppmodar om å motivere til bruk av nynorsk i lokalt næringsliv. (Ål)

Nissedal kommune oppmodar alle lokale bedrifter om å nytte nynorsk. (Nissedal)

Vi har delt slike formuleringar inn i tre ulike kategoriar: «Passe på om statsorgan fylgjer språklova / mållova / tek omsyn til språklege rettar kommunen har» (12), «Påverke andre til å levere nynorskmateriell / tilgjengeleg på begge skriftspråk» (13), «Kommunen skal stø opp om nynorsk i interkommunale samarbeid og verksemder» (7).

I materialet er det 10 språkpolitiske dokument som er nyare enn 2021, året språklova vart vedteken, og 29 som er eldre. Ein interessant skilnad er at 70 prosent (7) av dokumenta som er nyare enn språklova, tek føre seg prestisjeplanlegging, medan berre sju prosent (2) av dokumenta som er eldre enn språklova, gjer det same. Sjølv om det her er snakk om små utval, kan dette vere eit teikn på at språklova har bidrege til at fleire kommunar tek føre seg prestisjeplanlegging i dokumenta sine. Vi kjem attende til dette i 7 Avrunding.

5.2 Regulering av andre tema og politikkområde

Over har vi konsentrert oss om kva typar planlegging som finst i dokumenta vi har analysert. Gjennom presentasjonen av dette har vi ogso gjeve eit innblikk i innhaldet i planane, til dømes når det gjeld administrasjon

og opplæring i kommunane. Vi har òg empiridrivne kategoriar frå analysen som synleggjer andre tema og område som kommunane tek sikte på å regulere. Dette gjeld til dømes Den norske kyrkja, lokal dialekt, nærings- og kulturliv, stadnamn og digitale verktøy. Sula, Øygarden og Vindafjord nemner Den norske kyrkja eksplisitt i sine språkbruksplanar. Vindafjord nemner det no sjølvstendige kyrkjesamfunnet i same ordelag som institusjonar der kommunen har eigar- eller stiftarinteresser: «Vindafjord kommune arbeider for at Kyrkja og kommunale selskap og stiftingar, der Vindafjord kommune har eigarskap, nyttar nynorsk som skriftspråk.» Det er ingen planar som nemner andre kyrkje-, trudoms- eller livssynssamfunn. Derimot er det fleire kommunar som tek føre seg næringslivet (til dømes Bergen, Volda, Ål) og nokre få som nemner organisasjonslivet (til dømes Sula, Nord-Fron, Nissedal). På desse punkta har dei fleste målsetnadar utan konkrete tiltak. Øygarden er eit typisk døme: «Kommunen vil arbeida for å få til eit samarbeid med dei næringsdrivande i kommunen om å driva god språkrøkt i lysingar, skilting og anna marknadsføring» (Øygarden). Ål har eit eige, lengre punkt, som inkluderer nokre tiltak:

Ål kommune oppmodar lokalt næringsliv og kulturliv om å nytte nynorsk og hallingmål. Å skilje seg ut språkleg gjev ein styrka identitet og kan vere eit konkurransefortrinn. Ål mållag gjennomfører konkrete tiltak for å fremje god nynorsk språkbruk i det lokale næringslivet. Døme på slike tiltak kan vere gratis språkhjelp, språkbrukskurs for næringsdrivande og prisar for god språkbruk. Ål kommune må koste eventuelle nye tiltak. (Ål)

Elleve kommunar tematiserer kulturlivet. Det er flest som nemner biblioteka og nynorsk litteratur (Bergen, Gloppen, Herøy, Nissedal, Kvinnherad, Sogndal, Stord, Ulvik, Vindafjord, Ål). Vindafjord har «[b]arnebøker på nynorsk vert prioritert i folkebiblioteket sine innkjøp» som eit årleg tiltak. Bergen kommune har nokre kulepunkt i sitt dokument. Nokre av dei er generelle føringar («Bibliotek i Bergen skal fremje nynorsk litteratur, både overfor lærarar og elevar.»), medan nokre av dei er nye tiltak («Oppretta eit nynorsk turbibliotek, gjerne etter Dagsturhytte-modellen, [...]»). Kvinnherad er konkrete i dokumentet sitt og gjev mellom anna slike føringar for dei tilsette: «Borna skal med jamne mellomrom få oppleve nynorske forfattarar og få tilbod om å delta i nynorske litteraturprosjekt». Bergen kommune tek, som den einaste, føre seg ny-

norsk i nasjonale tiltak som Den kulturelle skulesekken og Den kulturelle spaserstokken. Det er fire dokument (Bergen, Nissedal, Midt-Telemark og Kvinnherad) som tematiserer andre kulturtiltak, som til dømes å bidra til kulturtilbod på nynorsk gjennom eigne tilskotsordningar.

Verdien av den lokale dialekta er eit sentralt omdreiningstema i 24 av dokumenta, ofte gjennom opne formuleringar som den vi finn i Ørsta sin språkbruksplan:

Dialekten (målføret) er ein sær viktig del av den lokale kulturarven. Å ha eit godt feste i ein dialekt gjev identitet og sjølvkjensle. Kommunen ser det difor som ei sentral oppgåve å verne om dialekten vår gjennom levande bruk og medviten utvikling. (Ørsta)

Mange har, som Ørsta, ei formulering om at dialekta skal brukast i barnehagen: «Nynorsk og dialekt må nyttast i størst mogleg utstrekning i songar, opplesing, leikar o.a.» Dei overordna måla vert i liten grad fylgde opp av konkrete tiltak, men det finst nokre unntak. Ål har som konkret tiltak å få vidareført eit lokalt dialektprosjekt: «Ei vidareføring av «Hått Halling», eit prosjekt for å styrke dialekt- og nynorskbruken blant born og unge i Hallingdal» (Ål). Ål og Hemsedal ligg begge i Hallingdal, som er eit område der den lokale dialekta er under press (Skjekkeland og Venås 2021), og desse to dokumenta er dei som tydelegast tek føre seg tiltak for å styrkje dialektene. Elles er dialekt i stor grad brukt, direkte og indirekte, som eit argument for nynorsk. I dokumentet frå Vindafjord står det at «[d]ialekten i Vindafjord ligg tett opp mot nynorsk». Ei utfordring som er direkte nemnd i åtte dokument, er påverknad av enkeltord frå bokmål og engelsk. Les vi vidare i dokumentet frå Vindafjord, står dette: «Me legg likevel merke til at einskildord på bokmål og også på engelsk, arbeider seg inn i språket. Språket er under press og det er viktig at kommunen har ein medviten språkpolitikk.»

Arbeid med å vedta og synleggjere stadnamn er ei offentleg oppgåve der kommunane spelar ei viktig rolle, og dette syner att i dokumenta vi har analysert. 25 dokument har eit punkt om stadnamn, som til dømes skildrar kva reglar som gjeld, og korleis kommunen skal arbeide med stadnamn. Formuleringane er ofte like, og denne går att:

Kommunen ser det som viktig at byggjefelt, vegar og andre stadnamn får namn i samsvar med lokal namnetradisjon, og der uttalen er i samsvar med

målføret. Lov om stadnamn frå 18. mai 1990 gjev reglar for skrivemåten av stadnamn. (Nord-Fron)

Nokre kommunar, som Askøy, spesifiserer ordval i til dømes adressenamn: «Kommunen må velge adressenavn i tråd med matrikkelloven, og skrivemåten må være i tråd med stedsnavnloven. Vi skriver veg, ikke vei.»

Bergen er ein av få kommunar som slår fast kva språk namna på ulike kommunale underordna einingar skal vere på: «I visse bydelar bør det skiltast på nynorsk, og somme avdelingar, seksjonar og etatar skal anten ha namn på både nynorsk og bokmål eller berre nynorsk» (Bergen). Her ser vi at Bergen òg vedtek at nynorsk bør brukast på skilt i «visse bydelar». Tilsvarande finn vi i Midt-Telemark sitt dokument, der det skal skiltast på bokmål i «det området som tidlegare var Sauherad kommune» og på nynorsk i «det området som tidlegare var Bø kommune». I språkbbruksplanen til ein annan nyleg samanslegen kommune, Ålesund, står det at nynorsk skal brukast i «informasjonsmateriale, skilt, plakatar, brosjyrar m.m.» I dokumentet til Stord står det at «Me skal nytta nynorsk og eit klart språk i informasjon til innbyggjarane: [...] På alle skilt for kommunale bygg og liknande.» Samla er det ni dokument som tek føre seg skilting på nynorsk.

I analysen vart det ogso synleg at det digitale domenet vert forsøkt regulert. Av dei 39 dokumenta er det 13 som tematiserer digitale verktøy og/eller programvare på nynorsk. Nokre dokument inneheld forsiktige formuleringar liknande denne frå Suldal: «Bruken av informasjonsteknologi (IT) i kommunen skal so langt råd er tilpassast den vedtekne målbruksplanen.» Andre har meir konkrete formuleringar, ofte inkludert eit medvit om innkjøpsmakt:

Kommunen skal så langt det er mogleg, prøve å ha all digital programvare tilgjengeleg på nynorsk. Der faglege argument gjer at ein må velje ei programvare utan nynorsk brukargrensesnitt, skal kommunen gjere produsenten, og eventuelt relevante interesseorganisasjonar, merksame på ønsket om parallellversjon, slik at alle relevante aktørar er klar over behovet. Dette gjeld like sterkt der ei programvare ikkje finst på verken bokmål eller nynorsk, berre engelsk. (Sula)

Det er berre eitt dokument som nemner språkteknologi. Det er dokumentet frå Bergen, som er det nyaste i utvalet. At ikkje andre nemner

språkteknologi, kan skuldast at dokumenta er utforma før teknologien vart mykje omsnakka.

I seks av dokumenta vert det vist til at nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, og kva konsekvensar dette har. I språkbruksplanen frå Sogndal står dette

Nynorsk er eit mindre brukt språk i Noreg, og brukarane av språket er i mindretal nasjonalt. Dette gjer oss meir utsette for ikkje å få oppfylt dei språklege rettane våre. Sogndal kommune vil ta eit særleg ansvar for at nynorsk språk er godt synleg i kommunen, og at innbyggjarane får møta språket sitt i det daglege. Dette er særleg viktig for unge nynorskbrukarar, for å motverka målbyte frå nynorsk til bokmål. (Sogndal, språkbruksplan)

Her tematiserer dokumentet mindretalsposisjonen til nynorskbrukaren, trass i at språkbrukaren i Sogndal ikkje er i eit mindretal lokalt. Medan Sogndal ligg i kjerneområdet⁹ for nynorsk, ligg Sula i randsona, og språkbyte-problematikken er dimes meir presserande her. Språkbyte vert ogso tematisert i dokumentet frå Stord, ein annan kommune som må reknast som kjerneområdet for nynorsken. I Ål derimot, som både er eit stabilt og eit ustabilt nynorskområde (Sønnesyn 2023: 6), vert ikkje språkbyte tematisert, men dokumentet slår fast at «[d]et skal ikkje vera vanskeleg å vera nynorskbrukar i kommunen». Her vil vi leggje til at Ål kommune i 2021 vart kåra til Årets nynorskkommune, mellom anna grunna at mange ungdomar i kommunen held på nynorsk, i kontrast til resten av Hallingdal (Språkrådet 2021). Fleire kommunar er medvitne statusen nynorsk har lokalt og nasjonalt, slik denne formuleringa frå Stord syner: «Som senter i ein region der nynorsken står sterkt, har me ogso ansvar for å bidra til å oppretthalda posisjonen til nynorsken og styrka statusen til målforma, ikkje berre regionalt, men ogso nasjonalt.» Desse kommunane, og nokre få andre, har teke mindretalsomsyn i politikktutforminga.

5.3 Intertekstualitet og oppfølging

Analysen av dei 39 dokumenta avdekte store likskapar mellom mange dokument. Det er fleire årsaker til dette. Noko skuldast at nokre kommunar har brukt ein mal utarbeidd av LNK, slik til dømes Sogndal kom-

9. Sjå Sønnesyn (2023: 6) for ei grundig utgreiing om omgrepa kjerneområde og randsona.

mune har gjort: «I arbeidet med denne planen har me henta innhald frå forslag til språkbruksplan for Sogndal kommune utarbeidd av Sogndal Mållag og frå malen Språkbruksplan for X kommune utarbeidd av Fretland & Fretland for Landssamanslutninga av nynorskkommunar.» Det er få kommunar som er so eksplisitte om bruken av malen, men analysen vår viser at fleire kommunar har brukt han. Analysen avdekkjer ogso at kommunar har late seg inspirere av kvarandre, òg uavhengig av denne malen. Dokumenta frå Bygland og Bømlo har mykje til felles med dokumentet frå Sunnfjord. Båe er eksplisitte om at dei har sett til dokumentet frå Sunnfjord i arbeidet med å utvikle sitt eige, og i dokumentet frå Bygland står fylgjande formulering: «Vi brukar til dømes vi i staden for me og e-infinitiv i staden for a-infinitiv i Sunnfjord.» Her kan det sjå ut som dei som har laga dokumentet har gløymt å endre kommunenamnet. Analysen har ogso synt at fleire føreord, ofte signerte av kommunale leiarar, er heilt identiske. Det er grunn til å spørje om slike likskapar kan vitne om manglande lokal eigarskap til innhaldet i dokumenta, og om politikken ved tekstkopiering i mindre grad er eit svar på lokale behov og ynske. Samstundes kan likskapen mellom dokument ogso kome av eit ynske om å lage eit godt dokument, og ein strategi om å oppnå det gjennom å sjå til kva andre har gjort og å eventuelt nytte LNK-malen.

Det er ogso slik at nokre likskapar mellom kommunane kjem av intertekstuelle koplingar til andre styringsdokument. Det vert særleg vist til opplæringslova (18 dokument), stadnamnlova (20 dokument) og mållova eller språklova (20 dokument). Her er eit døme frå Ullensvang:

Skuleleiarar har ansvar for å gjera dei tilsette kjende med §2-5 i opplæringslova. I denne paragrafen står det at lærarane skal ta omsyn til talemålet til elevane i ordval og i uttrykksmåtar. Tilsvarande må dei tilsette i barnehagane ta dei same omsyna. (Ullensvang)

Det vert oftast referert til spesifikke delar av lovverket, slik som i dømet over. Når det gjeld opplæringslova, vert det primært referert til regulering av hovudmål og/eller omsyn til eleven sitt eige talemål. Det vi her ser, er at den lokale språkpolitikken for nokre område er underlagt den nasjonale.

Dokumenta vi har analysert, er de jure språkpolitikk, og for å ha innverknad på språkleg praksis, må politikken setjast ut i praksis. Fleire kommunar verkar medvetne om dette. I analysen fann vi 14 dokument

med formuleringar i kategorien «Planen skal fylgjast opp». Eit døme på dette finn vi i dokumentet frå Samnanger: «Ei rekkje tiltak må gjennomførast for å sikra at språkprofilen vert teken i bruk.» Det vert vist til ein eigen plan over desse tiltaka, som skal reviderast «med jamne mellomrom». Denne planen er ikkje ein del av empirien i studien vår. I kategorien «Leiarane sitt ansvar for å fylgje planen» har vi registrert 13 dokument. I dokumentet frå Midt-Telemark står det at «[r]ådmannen skal rapportere på målbruksplanens mål og intensjonar» gjennom tertialrapporteringar og årsmeldingar. Språkbruksplanen for Sogndal kommune slår fast at «[d]et er leiarane i Sogndal kommune sitt ansvar å sjå til at dei tilsette fylgjer Språkbruksplanen.»

6 Kommunal språkpolitikk: definisjonar, kjenneteikn og unntak

Resultata over, særleg framstillinga i tabell 1, illustrerer nokre skilnadar på dei ulike dokumenttypane i materialet vårt. I dette kapittelet vil vi gå gjennom skilnadane og likskapane mellom dei to hovudtypane dokument og syne at nokre dokument skil seg ut. Blant desse er fleire dokument frå nyleg samanlegne kommunar, so kapittelet tek difor ein nærare titt på kva politikken i desse kommunane kan fortelje om lokal språkpolitikk.

Analysen vår av dei 39 dokumenta har fått fram nokre kjenneteikn på dei to hovudtypane kommunale språkpolitiske dokument: *Språkbruksplanar* er språkpolitiske dokument som i hovudsak tek føre seg på kva måtar nynorsk (og eventuelt bokmål) skal brukast i administrasjon, opplæring og andre kommunale oppgåver. Slike planar har stundom ei husnorm eller skriveråd, og kan dessutan kome innom andre språkpolitiske spørsmål som til dømes stadnamn. Planane er for det meste vedtekne av kommunestyret, og dei fleste byggjer på malane til LNK. *Språkprofilar* er språkpolitiske dokument som tek føre seg klarspråkstips og skrivereglar, og som gjerne har ei husnorm. Dei er mest retta mot dei som skriv på vegner av kommunen. Profilane refererer ofte til overordna språkpolitiske mål og vedtak, men har få detaljerte reglar om kvar nynorsk, bokmål eller andre språk skal brukast. Fleire av planane refererer til KS og Språkrådet sitt arbeid for klart språk i kommunesektoren. Språkprofilane er for det meste vedtekne i kommuneadministrasjonen. I studien har vi ikkje granska kva som *ikkje* vert regulert. Vi kan dimed ikkje uttale oss om kommunale ansvarsoppgåver eller emne som kommunane kunne

ha regulert gjennom slike dokument, men som det ikkje vert presentert nokon politikk for.

Som vi ser i presentasjonen av funna våre, er det mykje som tyder på at kva dokumenttype eller mal kommunane vel, er avgjerande for kva område som vert forsøkt regulert, og meir overordna kva språkpolitikk kommunane endar opp med. Er det ein språkbruksplan, tek kommunen sikte på å regulere språk i den kommunale administrasjonen og i opplæringa. Planen slår fast kva formell status nynorsk og eventuelt bokmål har, og han seier ofte noko om den lokale dialekta. Har kommunen ein språkprofil, vert ofte formell status slegen fast, men ut over det er det primært forma til språket som vert regulert. Mange språkbruksplanar dekkjer ogso temattikkane vi finn i språkprofilane, medan det omvendte sjeldan er tilfellet. Vi finn få døme på prestisjeplanlegging, uavhengig av dokumenttype. Dei dokumenta som har mål som vi har analysert som prestisjeplanlegging, har ofte ikkje meir konkretisert politikk for å oppnå måla. Stavanger sitt mål om å fremje nynorsk – utan nokon konkrete tiltak anna enn at dei tilsette vert oppmoda om å bruke nynorsk – er eit døme på dette. Her vil vi ogso nemne at Hope i si gransking av språkpolitikken kring folkebibliotek finn at «språkbruksplanar er eit fenomen i nynorskkommunar og språknøytrale kommunar der nynorsk har ei viss utbreiing, medan språkprofilar finst i både bokmåls- og nynorskkommunar og i språknøytrale kommunar» (Hope 2022: 41). Vi har ikkje granska dokument frå bokmålskommunar, men funna til Hope støttar opp om inntrykket vårt av den kommunale språkpolitikken og det opplevde behovet for reguleringar av han i ulike kommunar.

Ein del av dokumenta i materialet vårt er ei blanding av dei to hovudsjangrane, andre skil seg ut frå todelinga på anna vis. Tre av dokumenta skil seg so markant ut at vi har gjeve dei merkelappen andre språkpolitiske dokument: Bergen, Nissedal og Samnanger. Bergen og Nissedal har, som tidlegare nemnt, tydeleg prestisjeplanlegging.

Ordet fangar. Språkpolitisk plan for Bergen (2023) er mykje meir omfattande enn dei andre dokumenta i utvalet. Dokumentet tematiserer mellom anna samiske språk, kvensk, norsk teiknspråk, bergensk dialekt og språkteknologi. *Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune* skil seg ut ved å ha sin eigen struktur. Dokumentet har ein innleiande tekst som skildrar kvifor kommunen laga planen. So fylgjer ein overordna visjon, hovudmål og sidan delmål som konkretiserer hovudmåla. Samanliknar vi med strukturen i andre dokument, verkar denne strukturen å klarare

få fram samanhengen mellom problema kommunen har, og løysningane han har vedteke. *Språkprofil for Samnanger kommune* er både ein språkprofil og språkbruksplan, sidan dei har ein kortare språkbruksplan-del. Denne liknar på tilsvarende tekst i reine språkbruksplanar.

Her vil vi ogso nemne *Språkbruksplan for tilsette i Stord kommune*, sidan han skil seg ut ved å leggje mykje meir vekt på prestisjeplanlegging enn dei andre språkbruksplanane i materialet. Det er lagt meir vekt på korleis kommunen skal vere ein språkpolitisk aktør for å både gjere det enkelt å vere nynorskbrukar, og å styrkje nynorsk språk i ein nasjonal samanheng. Stord har hatt kjennskap til LNK-malen (Stord kommune 2022), men denne er omarbeidd og tilpassa lokale ynske og behov (jf. *local language policy*, Liddicoat og Baldauf 2008).

Slike lokale tilpassingar er elles særleg synlege i planar som har vorte til i kommunar som nyleg har vorte samanslegne. Ålesund og Midt-Telemark kommunar har språkbruksplanar som ber preg av at dei er resultat av kommunesamanslåingar mellom nynorskkommunar og språknøytrale kommunar der bokmål dominerte. Dokumenta legg opp til ulike former for språkveksling mellom nynorsk og bokmål. Det er kan hende rettare å seie at kommunane har eit tospråkleg kommunalt administrasjonsspråk enn at dei er nynorskkommunar.

Dette er ein kontrast til dokumentet til nye Ullensvang kommune, som vart til etter at språknøytrale Odda kommune vart samansleggen med nynorskkommunane Jondal kommune og Ullensvang herad. Dokumentet legg i mykje større grad opp til at Ullensvang berre skal bruke nynorsk. Det einaste unntaket er at dei tematiserer tradisjonen for bokmål i skulekrinsen Tyssedal og gjer unntak for tiltaket «[a]lt skriftleg tilfang som vert nytta i barnehagar og i skular, skal vera på nynorsk» når det gjeld «barnehagar i bokmålskrinsar og for skuleelevar med bokmål som hovudmål». Dette syner lokal tilpassing. Nye Stavanger kommune, som var ei samanslåing mellom bokmålskommunen Stavanger, språknøytrale Rennesøy (med nynorskelevar) og nynorskkommunen Finnøy, har få detaljerte reglar om språkveksling i sin språkprofil, men har eit prestisjemål om å fremje nynorsk, som vi tidlegare har referert til.¹⁰

10. I fleire samanslegne kommunane som vart til då ein kommune med nynorsk i skulen vart slegen saman med ein bokmålsdominert kommune (Molde, Sandnes, Lyngdal og Hustadvika), var det ikkje vedteke noko språkpolitisk dokument då vi samla inn materialet.

7 Avrunding

I denne artikkelen har vi analysert kommunale språkpolitiske dokument, og basert på analysen har vi skildra likskapar og skilnadar mellom dei to dokumenttypane språkprofilar og språkbruksplanar. Vi har ogso undersøkt om den kommunale språkpolitikken kan bidra til å realisere språklova sitt føremål om å fremje nynorsk. Analysen har avdekt stor variasjon. Dei fleste dokumenta inneheld ikkje prestisjeplanlegging for nynorsk. At 70 prosent (7) av dokumenta som er nyare enn språklova, gjer det, kan vere eit teikn på at språklova har bidrege til at fleire kommunar enn tidlegare tek føre seg prestisjeplanlegging. Den nasjonale lova har i so fall hatt direkte innverknad på den lokale politikktutforminga, og det er grunn til å tru at ho ogso kan ha det i åra framover. Haarmann (1990) hevdar at all språkplanlegging vert påverka av korleis det aktuelle språket vert oppfatta, planlegging avheng altso av prestisjen til det språket. Ifylgje Haarmann er prestisjeplanlegging særleg viktig i statusarbeid, som alle språkbruksplanane og 71 prosent (10) av språkprofilane dekkjer. Om språkpolitiske mål vert oppfylte, er mellom anna avhengig av haldningar til språka som vert regulerte. Over refererte vi til at dokumentet frå Ål ikkje nemner språkbyte, trass i at kommunen ligg i Hallingdal, der mange byter til bokmål. Heller ikkje Hemsedal nemner språkbyte direkte, og ingen av desse planane dekkjer prestisjeplanlegging. At ungdom vel vekk nynorsk, skuldast mellom anna den manglande prestisjen til språket (sjå t.d. Wold 2019). Om kommunar i randsonene driv prestisjeplanlegging eller ikkje, er verdt å merke seg, sidan behovet truleg er større i slike kommunar der nynorsk er under sterkare press enn i kommunar i kjerneområdet. Det er særleg i randsones kommunane det er behov for å fremje nynorsk. På same tid inneheld dokumenta frå mange av randsones kommunane tileigningsplanlegging, som kvantitativt skal fremje nynorsk – om planlegginga lukkast. For å undersøkje om det i den norske konteksten er hald i påstanden frå Haarmann om at prestisje er essensielt for at språkpolitikk skal lukkast, kunne ein studert den faktiske fremjinga av nynorsk i kommunar med og utan prestisjeplanlegging i språkpolitiske dokument. Ein slik studie kunne kome med nyttige bidrag i diskusjonen om ulike typar språkplanlegging.

Undervegs i arbeidet med denne studien har vi måtte minne oss sjølve på at mange kommunar ikkje har noko språkpolitisk dokument. Ogso det seier noko om den kommunale språkpolitikken. At det er opp til

kommunane sjølve om dei vil vedta noko språkpolitisk dokument, har som konsekvens at mange ikkje har nokon vedteken språkpolitikk. Dei fleste kommunar har gjort vedtak om statleg skriftspråk. Men dette vedtaket gjeld alto språket staten brukar i kommunikasjon med han, ikkje kommunen sin eigen språkbruk. Det er nasjonale føringar som gjer at kommunane må fatte eit vedtak, samstundes som kommunane gjennom dette vedtaket kan uttrykkje lokale behov. Flaten og Vollan (2021) finn at det ofte ikkje er noko samsvar mellom kommunar sitt statlege skriftspråk og den språklege praksisen på nettsidene til kommunen, og at språknøytrale kommunar stort sett nyttar bokmål på sine nettsider. Funna indikerer at vedtaket om statleg skriftspråk ofte ikkje seier so mykje om språkpolitikken i ein kommune, og i alle fall ikkje om praksisen som skal fylgje av politikken.

Den tidvis uklare omgrepsbruken i kommunal språkforvaltning gjer ikkje saka lettare. Analysen vår har avdekt at det er stor variasjon i omgrepsbruken til kommunane særleg når det gjeld omgrepa kommunalt administrasjonsspråk og statleg skriftspråk. Vi har ikkje granska kva konsekvensar den uklare omgrepsbruken har, men vi meiner det er trygt å hevde at ein tydelegare omgrepsbruk kunne hjelpt tilsette i oppfylginga av politikken og gjort det enklare for innbyggjarane å kjenne til og eventuelt ta stilling til politikken. Uklarheita i overordna omgrepsbruk syner ogso behovet for å konkretisere kva vedtaka om kommunalt administrasjonsspråk og statleg skriftspråk betyr i praksis¹¹ og dimed tydeleggjere kva som er språkpolitikken i ein kommune. Dette vert gjort i mange av dei språkpolitiske dokumenta i materialet vårt. Samstundes ser vi eit behov for tydelegare statlege reguleringar, slik fleire språkpolitiske studiar etterlyser (t.d. Bjørhusdal og Budal 2017). Tydelegare reguleringar kunne gjort det enklare for kommunane å bidra til å realisere språklova sitt mål om å fremje nynorsk (§1). Samstundes er det viktig at den kommunale språkpolitikken framleis får svare på lokale behov og ynske.

11. Thingnes (2020 a; 2020 b) syner liknande omgrepsforvirring og konkretiseringsbehov i sin analyse av språkpolitikkutforming ved Høgskulen på Vestlandet.

Referansar

- Ager, Dennis. 2005. Image and Prestige Planning. *Current Issues in Language Planning* 6 (1), 1–43. <https://doi.org/10.1080/14664200508668271>
- Baldauf, Richard. B. Jr. 2005. Language planning and policy research: An overview. I: *Handbook of research in second language teaching and learning*, red. E. Hinkel, 957–970. Mahwah, NJ: Lawrence Erlbaum Associates.
- Bjørhusdal, Eli. 2014. *Mellom nøytralitet og språksikring: Norsk offentlig språkpolitikk 1885–2005*. Doktoravhandling, Universitetet i Oslo.
- Bjørhusdal, Eli. 2015. Nøytralitet eller nynorsk? Språkpolitiske hovudprinsipp i norsk opplæring. I: *Nye røyster i nynorskforskinga* red. Hjalmar Trond Eiksund og Jan Olav Fretland, 104–119. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bjørhusdal, Eli. 2016. Kritiske vegval for det norske språkregimet. *Nytt norsk tidsskrift* 3(33). 183–194. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3053-2016-03-02>
- Bjørhusdal, Eli og Ingvil Brügger Budal. 2017. Språk og nynorsk – kva er planen? Ein analyse av årsplanar i barnehagar på Vestlandet. I: *Nynorsk med dei minste*, red. Eli Bjørhusdal og Ingvil Brügger Budal, 41–66. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Bjørhusdal, Eli, Gudrun Kløve Juuhl og Jorunn Simonsen Thingnes. 2024. Language policy on the ground in Norwegian kindergartens. *Linguistics and Education* 81. <https://doi.org/10.1016/j.linged.2024.101294>
- Bolstad, Erik. 2014, 26. november. Kommuner i Norge. *Store norske leksikon*. https://snl.no/kommuner_i_Norge
- Cooper, Robert L. 1989. *Language planning and social change*. New York: Cambridge University Press.
- Flaten, Tom og Magnhild Vollan. 2021. Bokmål, nynorsk eller språklig nøytral? En studie av målvedtak og målformpraksis i kommunene. *Maal og Minne*. 113 (2), 75–113. <https://doi.org/10.52145/mom.v113i2.2000>
- Grepstad, Jon. 2023, 25. oktober. Administrasjonsspråket (i Noreg). *Store norske leksikon*. https://snl.no/administrasjonsspr%C3%A5k_-_i_Noreg

- Grepstad, Ottar. 2020 a. *Språkfakta 2020. Tala. Forteljingane. Dokumenta. Languages in Norway: A story by numbers*. Grepstad skriveri.
- Grepstad, Ottar. 2020 b. *Språkfakta 2020. Tabellane. Bonusidene*. Grepstad skriveri.
- Grepstad, Ottar. 2020 c, 23. november. Landssamanslutninga av nynorskkommunar. *Store norske leksikon*. https://snl.no/Landssaman-slutninga_av_nynorskkommunar
- Grønvik, Oddrun. 1987. *Målbruken i offentlig teneste 1930–1940. Ein studie i vilkåra for å få gjennomført målbruksreglane i lov og føresegner frå 1930–1931*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Haarmann, Harald. 1984. Sprachplanung und prestigeplanung. *Europa Ethnica* 2, 81–9.
- Haarmann, Harald. 1986. *Language in ethnicity: A view of basic ecological relations*. Berlin: Mouton de Gruyter.
- Haarmann, Harald. 1990. Language planning in the light of a general theory of language: A methodological framework. *International Journal of the Sociology of Language* 86, 103–126. <https://doi.org/10.1515/ijsl.1990.86.103>
- Hope, Fredrik. 2022. *Dei norske folkebiblioteka – språkpolitiske aktørar? Ei gransking av språkpolitisk praksis i folkebiblioteka, med vekt på nynorsk*. Masteroppgåve, Høgskulen i Volda.
- Hult, Francis M. 2005. A case of prestige and status planning: Swedish and English in Sweden. *Current Issues in Language Planning* 6 (1), 73–79. <https://doi.org/10.1080/14664200508668274>
- Johnson, David Cassels. 2013. *Language policy*. Basingstoke: Palgrave MacMillan.
- Kamwangamalu, Nkonko M. 2016. *Language Policy and Economics: the Language Question in Africa*. London: Palgrave Macmillan.
- Kloss, Heinz. 1969. *Research possibilities on group bilingualism: A report*. *International Center for Research on Bilingualism*. Quebec: Presses de l'Université Laval.
- Kommunal- og distriktsdepartementet. 2023. *Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023–2027*. Henta 17. desember 2024 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nasjonale-forventninger-til-regional-og-kommunal-planlegging-20232027/id2985764/>
- Kommunal- og distriktsdepartementet. 2024. *Proposisjon til Stortinget. Kommuneproposisjonen 2025*. (Prop. 102 S (2023 – 2024)) Henta 17.

- desember 2024 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-102-s-20232024/id3039010/>
- Krippendorff, Klaus. 2004. *Content analysis: An introduction to its methodology*. (2. utg.) New York: Sage.
- Kulturdepartementet. 2019. *Høyring – forslag til ny, heilskapleg språklov*. Henta 17. desember 2024 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/spraklov/id2664141/>
- Kulturdepartementet. 2020. *Proposisjon til Stortinget. Lov om språk (språklova)* (Prop. 108L (2019–2020)). Henta 17. desember 2024 frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-108-l-20192020/id2701451/>
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). 2009, 17. august. *Vedtekter for LNK*. Henta 29. april 2025 frå <https://lnk.no/lnk/om-lnk/vedtekter-for-lnk/>
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK). 2025, 20. januar. *Språkbruksplanar*. Henta 30. mai 2025 frå <https://lnk.no/nyhende/malbruksplanar/>
- Liddicoat, Anthony J. og Richard B. Baldauf. 2008. Language planning in local contexts: Agents, contexts and interactions. I: *Language planning in local contexts*, red. Anthony J. Liddicoat og Richard B. Baldauf, 3–17. Clevedon: Multilingual Matters.
- Mørenytt. 2017, 25. april. *Høgskulen i Volda bryt mållova*. Henta 17. desember 2024 frå <https://www.morenytt.no/nyheiter/i/X6MIOn/bryt-mallova-brukar-for-mykje-nynorsk>
- Opplæringslova. 2023. *Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa*. (LOV-2023-06-09-30). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2023-06-09-30>
- Plan- og bygningslova. 2008. *Lov om planlegging og byggesaksbehandling*. (LOV-2008-06-27-71). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71/>
- Skjekkeland, Martin og Kjell Venås. 2021, 1. desember. Dialekter i Hallingdal. *Store norske leksikon*. https://snl.no/dialekter_i_Hallingdal
- Språklova. Lov om språk (LOV-2022-12-20-115). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>
- Språkrådet. 2021, 22. november. *Ål er årets nynorskkommune*. Henta 17. desember 2024 frå <https://sprakradet.no/aktuelt/al-er-arets-nynorskkommune/>

- Språkvedtaksforskrifta. 2024. *Forskrift om språkvedtak i kommunar og fylkeskommunar*. (FOR-2019-12-20-2114). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-12-20-2114/>
- Stord kommune. 2022, 15. november. *Språkbruksplan for tilsette i Stord kommune (saksnummer 2022/9391)*. Henta 17. desember 2024 frå <https://prod01.elementscloud.no/publikum/939866914/DmbMeeting/84>
- Swan, Joan, Deumert, Ana, Lillis, Therese & Mesthrie, Rajend. 2004. *A dictionary of sociolinguistics*. Tuscaloosa: The University of Alabama Press.
- Sønnesyn, Janne. 2023. *Språkskifte og språkbevaring på norsk: Elevar sine val av skriftspråk på ungdomstrinnet*. Doktorgradavhandling, Høgskulen på Vestlandet.
- Thingnes, Jorunn Simonsen. 2019. Making linguistic choices at a Sámi University: negotiating visions and demands. *Current Issues in Language Planning* 21(2), 153–174. <https://doi.org/10.1080/14664208.2019.1671712>
- Thingnes, Jorunn Simonsen. 2020 a. *Å velje minoriserte språk. Språkpolitikk og språkval i akademien*. Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo.
- Thingnes, Jorunn Simonsen. 2020 b. Å velje eit minorisert språk: mellom språkpolitiske ideal og språkleg realitet. *Maal og Minne*. 112(2), 127–168. <https://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1902>
- Vikør, L. 2007. *Språkplanlegging: prinsipp og praksis*. Oslo: Novus forlag.
- Wold, I. 2019. Kvifor ikkje nynorsk? Eit metaperspektiv på sju studiar om språkbortval i randsoner. *Målbryting* 10 (2019). <https://doi.org/10.7557/17.4825>

Abstract

This article presents a content analysis of 39 language policy documents from Nynorsk municipalities and language-neutral municipalities. The aim is to analyze what these documents seek to regulate, what characterizes municipal language policy, and whether such policies may contribute to the implementation of the Language Act (2021). A key contextual factor is that the Language Act assigns municipalities, as public bodies, a «particular responsibility to promote Nynorsk» (§1). The study is fra-

med theoretically and methodologically by various types of language planning.

The analysis shows that language profiles and plans for language use are the two main types of language policy documents in the municipalities, and by describing these types, we show what characterises municipal language policy documents. The findings indicate that many of the documents—especially language profiles—do not fulfill the objectives of the Language Act. A significant finding is that documents produced after the enactment of the Language Act are more likely to engage in prestige planning. This suggests that the legislation may have contributed to more municipalities promoting Nynorsk.

Jorunn Simonsen Thingnes
Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal
Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolking
Postboks 133
NO-6851 Sogndal
jorunn.simonsen.thingnes@hvl.no

Fredrik Hope
Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur
Aasentunet
Indrehovdevegen 176
NO-6160 Hovdebygda
fredrik.hope@nynorsk.no

Vedlegg 1. Oversyn over språkpolitiske dokument i kommunar med nynorskskular

Nr.	År	Kommune	Tittel	Statleg skriftspråk	Sidetal
Språkbruksplanar					
1	1998	Hjelmeland kommune	Språkbruksplan for Hjelmeland kommune	Nynorsk	2
2	1998	Aurland kommune	Målbruksplan for Aurland kommune	Nynorsk	4
3	2005	Nord-Fron kommune	Målbruk i Nord-Fron kommune	Nynorsk	7
4	2011	Vinje kommune	Målbruksplan for Vinje kommune	Nynorsk	3
5	2013	Ørsta kommune	Målbruksplan for Ørsta kommune	Nynorsk	1
6	2014	Hareid kommune	Målbruksplan for Hareid kommune	Nynorsk	2
7	2014	Suldal kommune	Målbruksplan for Suldal kommune	Nynorsk	3
8	2016	Kvinnherad kommune	Målbruksplan Kvinnherad kommune	Nynorsk	6
9	2016	Volda kommune*	Målbruksplan. Volda kommune	Nynorsk	3
10	2016	Vindafjord kommune	Språkbruksplan med rettleiar. Vindafjord kommune	Nynorsk	5
11	2017	Herøy kommune	Språkbruksplan for Herøy kommune	Nynorsk	4
12	2017	Sula kommune	Språkbruksplan	Nynorsk	4
13	2018	Hemsedal kommune	Målbruksplan 2019-2022	Nynorsk	5
14	2019	Øygarden kommune*	Språkbruksplan Øygarden kommune	Nynorsk	7
15	2019	Midt-Telemark kommune*	Målbruksdokument Midt-Telemark kommune	Nynorsk	12
16	2019	Ål kommune	Målbruksplan Ål kommune	Nynorsk	7
17	2019	Gloppen kommune	Språkbruksplan for Gloppen kommune	Nynorsk	3
18	2020	Ålesund kommune*	Språkbruksplan	Nynorsk	11
19	2021	Ullensvang kommune*	Målbruksplan for Ullensvang kommune	Nynorsk	7
20	2021	Sogndal kommune*	Språkbruksplan Sogndal kommune	Nynorsk	5
21	2022	Ulvik herad	Målbruksplan for Ulvik herad 2022-2032	Nynorsk	7
22	2022	Stord kommune	Språkbruksplan for tilsette i Stord kommune	Nynorsk	14
Språkprofilar					
23	2016	Hå kommune	Språkprofil Hå kommune	Nøytral	24
24	2016	Kvam herad	Språkprofil	Nynorsk	9
25	2018	Askøy kommune	Språkprofil	Nøytral	11
26	2018	Karmøy kommune	Språkveileder for Karmøy kommune	Nøytral	11
27	2019	Voss herad*	Språkprofil Voss herad	Nynorsk	17
28	2019	Sunnfjord kommune*	Språkprofil Sunnfjord kommune	Nynorsk	35
29	2020	Bjørnafjorden kommune*	Slik skriv vi i Bjørnafjorden kommune	Nynorsk	11
30	2020	Bygland kommune	Klarspråk. Språkprofil for Bygland kommune 2020	Nynorsk	34
31	2020	Kinn kommune	Språkprofil	Nynorsk	12
32	2022	Stavanger kommune*	Språkprofil. Slik skriv me i Stavanger kommune	Nøytral	552
33	2022	Hareid, Herøy, Sande, Ulstein, Vanylven, Volda og Ørsta kommunar	Språkprofil for kommunane på Søre Sunnmøre	Nynorsk	24
34	2022	Bømlo kommune	Språkprofil. Retningslinjer.	Nynorsk	23
35	2023	Ålesund kommune*	Språkprofil	Nynorsk	18
36	U.å.	Sogndal kommune*	Retningslinjer for språkbruk	Nynorsk	6

Andre språkpolitiske dokument					
37	2014	Nissedal kommune	Plan for bruk av nynorsk i Nissedal kommune	Nynorsk	5
38	2019	Samnanger kommune	Språkprofil for Samnanger kommune	Nynorsk	10
39	2023	Bergen kommune	Ordet fangar – språkpolitisk plan	Språknøytral	43
* Samanslegen i 2020. Utarbeidd av Fredrik Hope, sist endra 22. mai 2025.					

Vedlegg 2: Kategoriar i innhaldsanalysen

Kategoriar	Førekomstar
<i>Empiridrivne kategoriar</i>	
Statleg skriftspråk	29
Kommunalt administrasjonsspråk	35
Dei tilsette skal bruke nynorsk	22
Dei tilsette kan alltid velje skriftspråk sjølve	4
Dei tilsette er oppmoda om å bruke nynorsk	5
Dei tilsette kan velje mellom nynorsk og bokmål i nokre samanhengar	8
Dei tilsette skal svare på brev på språket til mottakaren	10
Dei tilsette kan bruke språket til mottakaren (ikkje påbod)	4
Alle dokument skal vere på nynorsk	11
Spesifisert at nokre dokument skal vere på nynorsk	21
Mål om prosent nynorsk i dokument og anna	1
Verdien av den lokale dialekta	24
Skule	23
Barneskule	3
Ungdomsskule	1
Barnehage	23
Vaksenopplæring	2
Norskopplæring for innvandrarar	5
Nynorskkompetansen til dei tilsette i opplæringa	4
Bruk av dialekt og nynorsk i songar og lesing	18
Tiltak i barnehagen for framtidige nynorskelevar	3
Mål om å styrkje nynorsk i nynorske skulekrinsar	4
Nynorskelevar skal få læremiddel på nynorsk	4
Skriftleg tilfang i skulane skal vere på nynorsk «so langt råd er»	13
Reglar for endring av skulekrinsgrenser	1
Gjere retten til eiga språkklasse kjend	1
Kulturpolitikk	4
Bibliotek og nynorsk litteratur	10
Den kulturelle spaserstokken	1
Den kulturelle skulesekken	1

FREMJE NYNORSK?

Nynorsk i andre kulturtiltak	4
Kommuneadministrasjonen	10
Nynorskkompetansen til dei tilsette i administrasjonen	7
Krav om å greie ut omsynet til norsk språk og nynorsk	1
Kommunen skal stø opp om nynorsk i interkommunale samarbeid og verksemdar	7
Nynorskkurs	25
Nynorsk som tilsetjingskriterium	9
Administrasjonsspråket skal stå i stillingsutlysingar	17
Tilgang på hjelpemiddel	28
Intern språkrådgjevar	18
Eigen bruk av nynorsk terminologi	14
Passe på om statsorgan fylgjer språkløva / mållova / tek omsyn til språklege rettar kommunen har	12
Påverke andre til å levere nynorskmateriell / tilgjengeleg på begge skriftspråk	13
Stadnamnreglar	25
Planen skal fylgjast opp	14
Leiarane sitt ansvar for å fylgje planen	13
Klarspråk	36
Husnorm (e.l.)	19
Teiknsetjing og andre rettskrivingsreglar	23
Skilting på nynorsk	9
Digitale programvare/verktøy på nynorsk	13
Referansar til mållova/språkløva	20
Referansar til opplæringslova	18
LNK-medlemsskap	20
<i>Teoridrivne kategoriar</i>	
Korpusplanlegging	37
Tileigningsplanlegging	26
Statusplanlegging	35
Prestisjeplanlegging	9